



Innkalling
av
Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Møtedato: 10.03.2020
Møtestad: Nordhordlandshallen, kantina
Møtetid: 12.00 - 18.00

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
008/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
009/20	Godkjenning av møteprotokoll – 04.02.2020
010/20	Retningsliner Ungdomsrådmidlane
011/20	Forskrift om opptaksområde for grunnskulane i Alver kommune - Høyring
012/20	Prosedyre for opptak på annan skule enn nærskulen i Alver kommune
013/20	Prosedyre for tildeling av skuleskyss i Alver kommune
014/20	Meldingar og orienteringar til OKK

2. mars 2020

Christel Villanger Håland
møteleiar

Nora M. K. Gjerde
møtesekretær

Arkiv:
JournalpostID: 32T
Saksbehandlar:
Dato: 02.03.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
008/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	10.03.2020

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Arkiv:
JournalpostID: 32T
Saksbehandlar:
Dato: 05.02.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
009/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	10.03.2020

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg i saken:

04.02.2020 Protokoll - Utval for oppvekst, kunnskap og kultur - 1347453
04.02.2020

Møteprotokollen vert godkjent.



Møteprotokoll for Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Møtedato: 04.02.2020
Møtestad: Nordhordlandshallen, kantina
Møtetid: 12.00 - 15.30

Orienteringar:

- Private barnehagar i Alver v/Kai-Olav Kvamme-styrar i Trollskogen barnehage og Rigmor Sletten-leiar i PBL (private barnehagers landsforbund)
- Arbeidet med kommuneplanen for Alver og politisk styringsstruktur v/Hogne Haugsdal-kommunalsjef Samfunnsutvikling
- Bibliotak i Alver v/Eirik B. Utne-kultursjef og Marit Gro Berge-avd.leiar Kultur

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Christel Villanger Håland	H	Utvalsleiar
Thea Risøy	KRF	Nestleiar
Laila Bjørge	SP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Hege Nygård Dale	FNB	Medlem
Svein Hagesæter	FNB	Medlem
Andre Fresvik	SV	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Medlem
Torbjørn Taranger	SV	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Astrid N. Sylta-rådgjevar Oppvekst, Eirik Bouwer Utne-kultursjef, Hogne Haugsdal-kommunalsjef Samfunnsutvikling, Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst, Leif Bjørnar Hopland-rådgjevar Oppvekst stab, Marit Gro Berge-avdelingseiar Kultur, Nora Gjerde-sekretær.

Sakliste

Saknr	Tittel
001/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/20	Godkjenning av møteprotokoll

- 003/20 Reglement for Alver kulturskule
- 004/20 Planstrategi for Alver kommune 2020- 2023 - Høyring
- 005/20 Politisk styringsstruktur og reglement - framlegg til endring og presisering
- 006/20 Vedtekter for kommunale barnehagar i Alver kommune
- 007/20 Vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Alver kommune

001/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 04.02.2020:

Behandling:

Ingen merknader, samrøystes.

OKK- 001/20 Vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent.

002/20: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 04.02.2020:

Behandling:

Møteprotokoll frå møte - 03.12.2019 vert godkjent, samrøystes.

OKK- 002/20 Vedtak:

Møteprotokoll frå møte - 03.12.2019 er godkjent.

003/20: Reglement for Alver kulturskule

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner Reglement for Alver kulturskule slik det ligg ved saka

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 03.02.2020:

Behandling:

Orientering til saka v/ Eirik B. Utne-Kultursjef
Saka vert teke til orientering, samrøystes.

RMNF- 005/20 Vedtak:

Uttale i RMNF -03.02.2020:

Ingen merknader.

Ungdomsråd 03.02.2020:

Behandling:

Orientering v/Eirik Utne.

Ungdomsrådet støttar Rådmannens forslag til vedtak.

Samrøystes vedteke

UR- 006/20 Vedtak:

Ungdomsrådet støttar Rådmannens forslag til vedtak.

Samrøystes vedteke

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 04.02.2020:

Behandling:

Framlegg frå Thes Risøy-Krf:

Under 1.3.1.2 Redusert eigendel for for hushold med låg inntekt. Ønsker endring fra maksgrense til 18 år, fra 16 år. Endre fra "ordninga gjeld for barn opp til 16 år med elevplass i kulturskulen" til "ordninga gjeld for barn opp til 18 år med elevplass i kulturskulen".

Framlegget vart samrøystes vedteke.

OKK- 003/20 Vedtak:

Innstilling i OKK -04.02.2020:

Under 1.3.1.2 Redusert eigendel for for hushold med låg inntekt. Ønsker endring fra maksgrense til 18 år, fra 16 år. Endre fra "ordninga gjeld for barn opp til 16 år med elevplass i kulturskulen" til "ordninga gjeld for barn opp til 18 år med elevplass i kulturskulen".

004/20: Planstrategi for Alver kommune 2020- 2023 - Høyring

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Råd og utval får Planstrategi for Alver kommune 2020- 2023 til uttale.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 03.02.2020:

Behandling:

Fellesmøte orientering til saka v/Hogne Haugsdal-kommunalsjef
Samfunnsutvikling
Ingen merknader, samrøystes.

RMNF- 004/20 Vedtak:

Uttale i RMNF -03.02.2020:

Ingen merknader.

Eldreråd 03.02.2020:**Behandling:**

I fellesorientering mellom eldrerådet og RMNF orienterte kommunalsjef Hogne Haugsdal om Planstrategi for Alver kommune.
Eldrerådet har ingen merknader til planstrategien.

ER- 004/20 Vedtak:

Eldrerådet har ingen merknader til planstrategien.

Ungdomsråd 03.02.2020:**Behandling:**

Orientering i saka v/Hogne Haugsdal.

Innspel frå ungdomsrådet:

Ungdomsrådet er svært positive til lovnaden frå kommunalsjefen, om at ungdomsrådet vil bli inkludert i utforminga av kommunalplanane.

Ungdomsrådet etterspør plan for mellom anna ungdom, fritid og medverknad, men reknar med at dette kjem inn under dei planane som skal bli utforma.

Samrøystes vedteke

UR- 004/20 Vedtak:

Innspel frå ungdomsrådet:

Ungdomsrådet er svært positive til lovnaden frå kommunalsjefen, om at ungdomsrådet vil bli inkludert i utforminga av kommunalplanane.

Ungdomsrådet etterspør plan for mellom anna ungdom, fritid og medverknad, men reknar med at dette kjem inn under dei planane som skal bli utforma.

Samrøystes vedteke

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 04.02.2020:**Behandling:**

Orientering til saka v/Hogne Haugsdal-kommunalsjef Samfunnsutvikling

Fellesframlegg frå Sp, H, Krf, Ap v/Laila Bjørge-Sp:

Nytt punkt 5.0 under prioriteringar i kap. 5 planstrategi for Alver.
Tydeleggjering av korleis me skal nå målet om å ta heile Alver i bruk.
Strategier for å utvikla bygdene våre, ikkje berre dei definerte lokalssentra.
Utvalet er positiv til rapporten frå administrasjonen, dei synes dette er eit godt dokument.
Framlegget vart samrøystes vedteke.

OKK- 004/20 Vedtak:

Uttale frå OKK - 04.02.2020:

Nytt punkt 5.0 under prioriteringar i kap. 5 planstrategi for Alver.
Tydeleggjering av korleis me skal nå målet om å ta heile Alver i bruk.
Strategier for å utvikla bygdene våre, ikkje berre dei definerte lokalssentra.
Utvalet er positiv til rapporten frå administrasjonen, dei synes dette er eit godt dokument.

005/20: Politisk styringsstruktur og reglement - framlegg til endring og presisering

Saka skal til uttale i alle råd og utval
Saka skal til innstilling i formannskapet 06.02
Saka skal til vedtak i kommunestyret 20.02

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Kommunestyret i Alver vedtar endringar i politisk styringsstruktur og reglement slik det er lagt fram i saka.
- Vurdering av vedtak i ungdomsrådet (sak 09/19) blir lagt fram for politisk drøfting.

Eldreråd 03.02.2020:

Behandling:

I felles fora for eldrerådet/RMNF orienterte kommunalsjef Hogne Haugsdal om

politisk styringsstruktur og reglement for Alver - framlegg til endring og presisering.

Eldrerådet viste til eit innspel frå ungdomsrådet om talerett i formannskapet og kommunestyret.

Det vart sett fram følgjande felles tilleggsframlegg i møtet:

Dersom ungdomsrådet i Alver får generell talerett i formannskapet og kommunestyret, må det same gjelda i dei andre lovpålagte råda i kommunen.

Eldrerådet vedtok rådmannen sitt framlegg med tilleggsframlegg sett fram i møtet.

ER- 005/20 Vedtak:

- Kommunestyret i Alver vedtar endringar i politisk styringsstruktur og reglement slik det er lagt fram i saka.
- Vurdering av vedtak i ungdomsrådet (sak 09/19) blir lagt fram for politisk drøfting.
- Dersom ungdomsrådet i Alver får generell talerett i formannskapet og kommunestyret, må det same gjelda i dei andre lovpålagte råda i kommunen.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 03.02.2020:

Behandling:

Fellesmøte orientering til saka v/Hogne Haugsdal-kommunalsjef
Samfunnsutvikling

Tillegg til rådmannen sitt framlegg:

Så lenge det ikkje finst ein samla bustadsosial handlingsplan for Alver, ønskjer ikkje rådet at kjøp og sal av eigedom skal delegerast til rådmannen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 006/20 Vedtak:

Uttale i RMNF -03.02.2020:

Så lenge det ikkje finst ein samla bustadsosial handlingsplan for Alver, ønskjer ikkje rådet at kjøp og sal av eigedom skal delegerast til rådmannen.

Ungdomsråd 03.02.2020:

Behandling:

Orientering v/Hogne Haugsdal.

Ungdomsrådet støttar Rådmannens sitt forslag til vedtak.
Samrøystes vedteke

UR- 005/20 Vedtak:

Ungdomsrådet støttar Rådmannens sitt forslag til vedtak.

Samrøystes vedteke

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 04.02.2020:

Behandling:

Orientering til saka v/Hogne Haugsdal-kommunalsjef Samfunnsutvikling
Ingen merknader, samrøystes.

OKK- 005/20 Vedtak:

Uttale i OKK - 04.02.2020:

Ingen merknader.

006/20: Vedtekter for kommunale barnehagar i Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til vedtekter for kommunale barnehagar i Alver kommune vert vedtekne slik dei ligg føre.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 03.02.2020:

Behandling:

Orientering til saka v/Astrid N. Sylta-rådgjevar Oppvekst stab
Ingen merknader, samrøystes.

RMNF- 007/20 Vedtak:

Uttale i RMNF -03.02.2020:

Ingen merknader.

Ungdomsråd 03.02.2020:

Behandling:

Orientering v/Robert Lorang Hansen

Ungdomsrådet støttar Rådmannens forslag til vedtak.

Samrøystes vedteke

UR- 007/20 Vedtak:

Ungdomsrådet støttar Rådmannens forslag til vedtak.

Samrøystes vedteke

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 04.02.2020:

Behandling:

Orientering til saka v/Astrid N. Sylta-rådgjevar Oppvekst stab
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 006/20 Vedtak:

Innstilling frå OKK - 04.02.2020:

Framlegg til vedtekter for kommunale barnehagar i Alver kommune vert vedtekne slik dei ligg føre.

007/20: Vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til vedtekter for skulefritidsordninga i Alver kommune vert vedteke med følgjande endringar (understreka):

Under punkt 4

SFO vil vere stengd på 5 av skulen sine planleggingsdagar, jul- og nyttårsaftan. Onsdag før påske stengjer SFO kl.12. I juli månad er SFO stengt.

Frist for oppseiing og endring av plass er 1 månad rekna frå den 1. i påfølgjande månad.

Under punkt 5

Barn som har tilbod om SFO 10 månader, betaler for 10 månader. Juli og august er betalingsfrie.

Under punkt 8

Barn har som hovudregel ikkje rett på skyss til og frå skulefritodsordninga.

Framlegget vert sendt kommunestyret for endeleg vedtak.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 03.02.2020:

Behandling:

Orientering v/Leif Bjørnar Hopland-rådgjevar Oppvekst, stab
Saka vert teke til orientering.

RMNF- 008/20 Vedtak:

Uttale i RMNF -03.02.2020:

Ingen merknader.

Ungdomsråd 03.02.2020:

Behandling:

Orientering v/Leif Hopland

Ungdomsrådet støttar Rådmannens forslag til vedtak.

Samrøystes vedteke

UR- 008/20 Vedtak:

Ungdomsrådet støttar Rådmannens forslag til vedtak.

Samrøystes vedteke

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 04.02.2020:

Behandling:

Tilleggsframlegg v/Thea Risøy-Krf:

Ikkje bruke ordet "funksjonshemma". Under punkt 2. Formål, siste setning, endre ordet "funksjonshemma barn" til "barn med nedsatt funksjonsevne". Under punkt 8. Skyss i siste avsnitt, endre "funksjonshemming" til "nedsatt funksjonsevne".

Rådmannen sitt framlegg med tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 007/20 Vedtak:

Innstilling i OKK - 04.02.2020:

Framlegg til vedtekter for skulefritidsordninga i Alver kommune vert vedteke med følgjande endringar (understreka):

Under punkt 4

SFO vil vere stengd på 5 av skulen sine planleggingsdagar, jul- og nyttårsaftan. Onsdag før påske stengjer SFO kl.12. I juli månad er SFO stengt.

Frist for oppseiing og endring av plass er 1 månad rekna frå den 1. i påfølgjande månad.

Under punkt 5

Barn som har tilbod om SFO 10 månader, betaler for 10 månader. Juli og august er betalingsfrie.

Under punkt 8

Barn har som hovudregel ikkje rett på skyss til og frå skulefritidsordninga.

Ikkje bruke ordet "funksjonshemma". Under punkt 2. Formål, siste setning, endre ordet "funksjonshemma barn" til "barn med nedsatt funksjonsevne". Under punkt 8. Skyss i siste avsnitt, endre "funksjonshemming" til "nedsatt funksjonsevne".

Framlegget vert sendt kommunestyret for endeleg vedtak.

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 32T
Saksbehandlar:
Dato: 28.02.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
012/20	Ungdomsråd	05.03.2020
010/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	10.03.2020
	Alver kommunestyre	

Retningsliner Ungdomsrådmidlane

Vedlegg i saken:

28.02.2020 Retningsliner Ungdomsrådmidlane 1357833

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner retningsliner for Ungdomsrådmidlane slik deg ligg ved i saka.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsrådet
Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur
Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Saksopplysninger:

Frå politisk reglement for ungdomsrådet heiter det:
Ungdomsrådet disponerer dei midlane dei til ei kvar tid har på kommunebudsjettet, midlane skal nyttast for å betre dei unge sitt oppvekstmiljø.

§ 2 i forskrift om medvirkningsordningar gjer rom for at ungdomsrådet sjølv kan fordele midlane.

Det er i 2020 sett av kr 200 000 som ramme for ordninga.

Bakgrunn

Retningsliner er utarbeida for å klargjera formålet med midlane. Retningslinene skal syta for at Alver ungdomsråd kan fordela tilskott etter søknad og syta for god handsaming.

Formålet med ordninga er å gje dei unge moglegheit til å betre sitt oppvekstmiljø. Tilskot frå denne ordninga skal stimulere og oppmuntra denne moglegheita.

Vurdering

Målgruppa for ordninga er sett til aldersgruppa 13-19 år, same aldersgruppe som ungdomsrådet. Retningslinene legg til grunn at minst ein av søkarane må vere i målgruppa, for å sikre at dei unge sjølv er med å planleggje/gjennomføra tiltaka.

Alle søknadar må oppgi ein juridisk ansvarleg kontaktperson over 18 år, dette er eit vilkår for å få utbetalt støtte. Dette skal ikkje hindra at unge sjølv kan utforma søknad og gode tiltak, men sikrar at utbetalt støtte og seinare rapport og rekneskap vert forvalta i tråd med retningslinene.

I tillegg til gruppering av ungdom og lag/organisasjonar, kan elevråd og ungdomsklubbar ved klubbstyret søka tilskot. Dette for å stimulere at elevråd og klubbstyre engasjerer seg i å betre sitt oppvekstmiljø.

Retningslinene oppmodar at fleire aktørar søkar i samarbeid, for stimulere at fleire aktørar går i lag og engasjerer seg i deira oppvekstmiljø.

Medverknad

Rådmannen sitt framlegg til vedtak er utarbeida i dialog med Alver ungdomsråd via deiras lukka Facebookgruppa, og via e-post kommunikasjon mellom leiar, nestleiar og kontaktperson for ungdomsrådet.

Det har vore viktig for Alver ungdomsråd å få retningslinene på plass, slik at sittande råd får høve til å starte opp ordninga i inneverande periode.

Ungdomsrådet ser svært positivt på ordninga.

Retningslinjer for Ungdomsrådmidlane

1. Om ordninga/formål

Ungdomsrådmidlane er ein enkel måte å søka om tilskot til tiltak/aktivitet/arrangement som kan betra dei unge sitt oppvekstmiljøet (til dømes kulturaktivitetar som kurs/tilbod om dans, musikk, graffiti, foto, design, arrangement,).

Ungdomsrådmidlane si målgruppe er unge mellom 13 og 19 år som er busett i Alver kommune.

2. Krav til søkar

Gruppering av ungdom (minst 3 personar), lag/organisasjonar, elevråd og ungdomsklubbar ved klubbstyret kan søka.

Ein kan søka om støtte til samarbeidsprosjekt (minst 2 aktørar).

Ved søknad frå gruppering av ungdom eller lag/organisasjonar må minst ein av søkerane vere i målgruppa 13-19 år.

For å få utbetalt støtte, må alle søknader oppgi ein juridisk ansvarleg kontaktperson over 18 år, slik det kjem fram i søknadsskjema.

3. Kva og kor mykje kan du søka om?

Døme på kva ein kan søka om støtte til:

- Oppstart aktivitet/prosjekt
- Innkjøp av utstyr/materiell
- Utvikling eller formidling av kunst, kulturproduksjon, scene
- Produksjonsstøtte til opne arrangement

Ein kan ikkje søka om:

- Lønn/honorar

Andre områder ein søker støtte til vert vurdert av Alver ungdomsråd ut frå formålet med ordninga; *betre dei unge sitt oppvekstmiljø*.

Støtte

Ein aktør:

Inntil 5000,- per søknad.

To eller fleire aktørar i samarbeid:

Inntil 15000,- per søknad.

4. Kunngjering

Ungdomsrådmidlane vert lyst ut på kommunen sine nettsider, i sosiale media og i annonsar i lokalavisene i god tid før søknadsfristen. Søknadsskjema skal vera tilgjengeleg på kommunen si nettside, og i papirversjon ved servicetorg.

5. Sakshandsaming

Søknad leverast via skjema på Alver kommune sine heimesider.

Søkar må formulere eit mål med tiltaket, som samsvarar med formålet til ordninga: *betre dei unge sitt oppvekstmiljø*.

Søknadar handsamast av Alver ungdomsråd i første møte.

Søknad må vere inne minst 1 veke før oppsatt møte, for å kunne behandlast.

Søknad mottatt mindre en ein veke før møte, vert behandla i påfølgjande møte i Alver ungdomsråd.

Aktuelle møtedatoar kjem fram i politisk møtekalender.

Svar vert sendt ut innan ei veke etter møte.

6. Rapportering

Kort rapport og rekneskap leverast til Alver ungdomsråd via motteke skjema seinast 2 månader etter mottatt støtte.

Det er oppgitt juridisk ansvarleg kontaktperson som har ansvar for å senda inn rapport og rekneskap.

Ved prosjekt er frist 2 veker etter sluttdato for prosjektet.

Ved mangelfull rapportering og mangel på kvitteringar kan Alver ungdomsråd krevje støtta tilbakebetalt. Dette gjeldt også visst midlane er brukt på anna enn det som stod oppført i søknaden.

7. Høve til å klaga

Klagefrist er tre veker frå vedtaket er motteke. Klagen skal sendast til den instansen som har gjort vedtaket. Klagen må grunngjevast.

8. Synleggjering

Ved promotering av prosjektet på plakatar, i programhefte og i anna kommunikasjonsmateriell, eller ved informasjon om det einskilde produktet, skal det gjerast kjend at arrangementet/prosjektet er støtte av Ungdomsrådmidlane frå Alver ungdomsråd.

Arkiv: FA-B0, TI-&00
JournalpostID: 32T
Saksbehandlar:
Dato: 17.02.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
011/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	10.03.2020

Forskrift om opptaksområde for grunnskulane i Alver kommune - Høyring

Vedlegg i saken:

25.02.2020	Framlegg til forskrift om opptaksområde for grunnskulane i Alver kommune	1355575
25.02.2020	Kart noverande opptaksområde Alver kommune	1355576

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til forskrift om opptaksområde for grunnskulane i Alver kommune vert sendt på høyring med høyringsfrist 24.april 2020.

Politisk handsaming

Saka skal til handsaming i Utval for oppvekst, kunnskap og kultur i denne omgang. Saka kjem opp igjen i Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 26. mai, og skal endeleg handsamast i kommunestyret 25. juni 2020.

Bakgrunn

Kommunane Lindås, Meland og Radøy har slått seg saman til nye Alver kommune frå 01. januar 2020. Forskrifter om opptaksområde for grunnskulane i dei tre dåverande kommunane må erstattas med nye. Rådmannen har utarbeida framlegg til ny forskrift om opptaksområde for grunnskulane i Alver kommune.

Framlegget til ny forskrift er heimla i Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 8-1 som gjev kommunen rett til å fastsetje forskrifter; «*om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til.*» Den lokale forskrifta om opptaksområde, også definert som skulekretsar, skal vere ein funksjon for korleis nærskuleprinsippet skal ivaretaast for den einskilde elev i kommunen. Den skal først og fremst sikre førehandsvisse for innbyggjarane i kommunen.

Forskrifta kan ikkje leggje vekt på omsyn som vil vere i strid med nærskuleprinsippet, eller opplæringslova sine formål. Forskrifta vil vere klarast om den legg vekt på objektive forhold som geografi og topografi. Forskrifta må imidlertid også opne for å leggje vekt på subjektive forhold, der spørsmålet om nærskuleprinsippet må verte avgjort i den konkrete sak.

Inndelinga i opptaksområde kan ikkje vere absolutt, jf. Ot.prp. nr. 46 (1997-1998) punkt 9.4. Forskrifta om opptaksområde må også opne for vurderingar knytt til den einskilde elev.

Høyringsinstansane vert no inviterte til å gje si vurdering av framlegget.

Saksopplysningar:

Framlegget til forskrift tar utgangspunkt i nærskuleprinsippet og eksisterande opptaksområde i dei gamle kommunane. Nærskulen må liggje i bustadkommunen. Vedtak om skuleplass vil ta utgangspunkt i eleven si folkeregistrerte adresse.

For fleirtalet av dei noverande opptaksområda vil ikkje det nye framlegget til forskrift om opptaksområde medføre større endringar. Dei tidlegare forskriftene som regulerte opptaksområda har i stor grad fulgt nærskuleprinsippet og etablert tilhøyrgighet. Etter kvart som ein del skular har blitt lagt ned, har kringsgrensene endra seg og blitt til nye opptaksområde.

Det er opptaksområde før kommunesamanslåinga der nærskuleprinsippet ikkje har vore fulgt. Elevar med adresse i deler av Sævråsvegen og Vabøvegen, i tidlegare Natås skulekrins, har Lindås barneskule som sin nærskule, men fleirtalet har gått på Myking skule. I dag gjeldt dette åtte elevar som går på Myking og fire elevar som går på Lindås barneskule. Samla elevtal på Myking er 70 pr. februar 2020. Tre barn frå Vabø-området skal byrja på Myking til hausten. Gjeldande praksis er at desse elevane ikkje søker om å få gå på annan skulen enn nærskulen, men blir skrivne inn på Myking som er den skulen dei soknar til. Ca. 10 % av elevane på Myking skule kjem då utafrå nærskuleområdet til skulen, dette utgjør ein ikkje ubetydeleg del av det samla elevtalet. Myking skule er ein fådelt skule. Ein elevreduksjon på Myking skule vil kunne få konsekvens for klasse/gruppestorleik og tal oppretta klassar. Rådmannen foreslår i framlegg til ny forskrift at ein heldt fram noverande opptaksområde.

Elevar som i dag bur i tidlegare Åsheim skulekrins har i dag anledning til å gå på Kaland skule i Austrheim kommune. Samarbeidsavtale mellom Austrheim kommune og dåverande Lindås kommune regulerer denne retten. Elevane på barneskulen, 1.-7. trinn, har i følgje denne avtalen Kaland barne- og ungdomsskule som sin nærskule. Elevane i Åsheim-kretsen som skal byrja på ungdomsskulen har etter søknad blitt gjeve retten til å gå på Kaland ut ungdomsskuleåra.

Næraste barneskule og ungdomsskule i Alver kommune er på Lindås. Frå Hope-området i Åsheimkrinsen er det ca. 3 km (frå område ved bensinstasjonen) til Kaland skule. Til Lindås er det ca 9.3 km. Frå punkt ved Keilegavlen til Kaland er det ca. 5,2 km, til Lindås 14.4 km. Denne strekninga er gjennom Austrheim kommune. Frå kryss i Keilo er det tilsvarande ca 2.7 km og 12 km. (kart.hfk.no/skoleskyss). Det er altså kortare reiseveg frå Åsheim-krinsen til Kaland enn til Lindås. Det er god standard på reisevegen til Lindås, for det meste langs fylkesveg 57.

Skuleskyss skal organiserast slik at elevane får ei forsvarleg reisetid innafor kommunegrensa, blant anna vil elevane sin alder bli vektlagt. Kva som er akseptabel reisetid vil måtta vurderast i kvart einskild tilfelle. Rådmannen foreslår i framlegget til vedtekter at elevar i Alver kommune med bustad i tidlegare Åsheimkrinsen skal sokna til næraste nærskule i Alver kommune, som er Lindås barneskule. Eventuell søknad om å få gå på skule i annan kommune må avgjerast i kvart einskild tilfelle på lik line med andre elevar som søker om tilsvarande.

Kringsgrensene i Radøy kommune har stort sett vore samsvarande med nærskuleprinsippet. Unntaka heng saman delvis med etablert sedvane og endra vegnett. Etablering av ny veg/endra vegstandard har for nokon medført at annan skule enn den området vanlegvis har sokna til, har blitt nærskulen. Elevane i desse områda har stort sett halde fram med å gå på den skulen som tidlegare var deira nærskule. Særleg følgjer ikkje opptaksområda mellom Sæbø og Manger skulekrinsar nærskuleprinsippet.

T.d. har elevar frå Brattaule-området og nordover i Sæbø skulekrins Manger skule som sin nærskule etter folkeregistrert adresse, men dei går på Sæbø.

I nokre område har ein i praksis kunna velje kvar ein skal gå på skule.

Lokal forskrift om opptaksområde har som hensikt å skape føreseielege kringsgrenser for kva innbyggjarane skal halde seg til. Utgangspunktet er at elevar har rett til å gå på nærskulen. Rådmannen foreslår i framlegg til ny forskrift at ein heldt fram noverande opptaksområde på grunn av historisk tilhøyrgheit til skulane. Etter søknad vil elevar kunna takast inn på annan skule enn den eleven soknar til.

Krinsane i Meland kommune har for det meste samsvart med nærskuleprinsippet. Eit område som har vore unntak frå dette prinsippet, er grensa mellom Rossland og Vestbygd krinsar, der ein del av Vestbygd opptaksområde har Rossland som sitt nærskuleområde. Dette har i praksis lite å seie for elevtalet på dei to skulane. Rådmannen foreslår at noverande opptaksområder vert opprettholdt.

Ostereidet ungdomsskule har som eit av sine opptaksområde Leiknes skulekrins (vedtak kommunestyre Lindås 21.03.13). Dei fleste elevane i denne krinsen bur nærare Knarvik ungdomsskule og har etter søknad, og så lenge det er plass fått gå på Knarvik ungdomsskule. Framgangsmåte for søknad er vedtatt av Levekår i Lindås kommune. Frå 2014 til 2019 har i snitt ca 6 elevar valt å gå på Ostereidet, men tala har variert frå 0 elevar i 2017 til 11 i 2019. Tal klassar på Ostereidet har variert mellom ein og to klassar dei siste åra. I dag er det 111 elevar på skulen. Det er venta små variasjonar i elevtal dei næraste åra. Ein reduksjon i elevtalet vil kunna medføra at det berre blir oppretta ein klasse på trinnet mot to i dag.

Rådmannen foreslår at opptaksområdet til Knarvik ungdomsskule omfattar Leiknes skule. Forskriftene til opptaksområde skal vere ein funksjon av korleis nærskuleprinsippet skal ivaretakast for den enskilde elev i kommunen. Det ligg ikkje innafor det kommunale handlingsrom å fastsetje forskrifter i strid med nærskuleprinsippet (jfr. UDIR tolkningsuttale 12.12.2014). Dei fleste elevane som i dag går på Leiknes skule søker om å få gå på Knarvik ungdomsskule, som og er deira nærskule. Det er svært begrensa adgang til å leggje vekt på kapasitet ved fastsetjing av forskrift om opptaksområde. Etter søknad vil elevar kunne takast inn på annan skulen enn den ein soknar til.

Elevar i grunnskulen har rett til å gå på nærskulen. Rådmannen foreslår i framlegg til vedtekter at ein i hovudsak vidarefører krinsinndelinga frå tidlegare kommunar som førande for opptaksområda. Eit unntak er elevar ved Leiknes skulen som får Knarvik ungdomsskule som sitt opptaksområde. Etter søknad vil elevar kunna takast inn på annan skule enn den eleven soknar til. Slik praksis er no, står ein i nokre buområde fritt til sjølv å velje kva skule ein skal gå på. I staden foreslår ein at spørsmålet om nærskuleprinsippet vert avgjort i den konkrete sak. Vidare foreslår ein og at opptaksområde følgjer kommunegrense og at elevane i tidlegare Åsheim skulekrins tilhøyrrer Lindås barneskule sitt opptaksområde. Behov for eventuell overgangsperiode blir greidd ut vidare dersom det er behov. Lindås ungdomsskule har som no Åsheimkrinsen som sitt opptaksområde.

Oversikt over noverande opptaksområde er vedlagt.

FRAMLEGG TIL FORSKRIFT OM OPPTAKSOMRÅDE FOR GRUNNSKULANE I ALVER

Fastsett av kommunestyret i Alver dd mm 2020 med heimel i Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 8-1.

Forskrifta erstattar forskrifter om opptaksområde for grunnskulane i tidlegare Lindås, Meland og Radøy kommunar.

§ 1 Formålet

Elevar i grunnskulen har rett til å gå på nærskulen. Lokal forskrift om opptaksområde for grunnskulane i Alver fortel kva område i kommunen som soknar til dei ulike skulane, også definert som skulekretsar. Forskrifta gjev innbyggjarane informasjon om kva dei har å halde seg til i framtida. Formålet med forskrifta er også å sikre forsvarleg kapasitetsutnytting ved dei ulike skulane. Når det vert fatta vedtak om skuleplass, vert det alltid tatt utgangspunkt i folkeregistrert adresse.

Om ein skule ikkje har kapasitet og ikkje kan byggjast ut, kan kommunen fastsetje at elevane skal sokna til ein annan skule (fastsetjing av kringsgrenser). Kommunen har i slike tilfelle plikt til å informere om nærskuleprinsippet og at foreldre kan søkje om plass på annan skule enn det som er fastsett av kommunen.

§ 2 Lovheimel

Opplæringslova § 8-1. seier dette om eleven sin rett til å gå på nærskulen eller den skulen ein soknar til:

Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

To eller fleire kommunar kan avtale at område i ein kommune soknar til ein skole i nabokommunen. Elles gjeld retten etter første ledd første punktum. Kommunane må gi likelydande forskrift om kva for område i kommunane som soknar til denne skolen. Kommunane skal opprette ein skriftleg samarbeidsavtale. Kommunestyret vedtar sjølv avtalen og endringar i denne. Samarbeidsavtalen skal minst innehalde fråsegn om:

- a) opprekning av avtalepartane og kva kommune som skal drifte skolen som dei gitte områda soknar til*
- b) det økonomiske oppgjeret mellom kommunane, som kostnader til skyssordning*
- c) varigheita på avtalen*
- d) reglar for å tre ut av og avvikle samarbeidet, og*
- e) anna som etter lov krev avtale.*

Etter søknad kan eleven takast inn på annan skole enn den eleven soknar til.

Opplæringslova § 9A-12 seier dette om skulebyte:

Ein elev i grunnskolen kan flyttast til ein annan skole enn den skolen eleven elles har rett til å gå på, dersom oppførselen til eleven i alvorleg grad går ut over tryggleiken eller læringa til ein eller fleire medelevar. Skulebyte skal likevel ikkje skje

dersom mindre inngripande tiltak vil kunne avhjelpe situasjonen. Grunnen til at ein elev kan flyttast, kan til dømes vere at eleven mobbar ein eller fleire medelevar.

§ 3 Kriterie for vurdering av full skule/trinn

Det kan leggjast vekt på kapasitet ved skulen når det vert vurdert om ein skule er full. Ein skule er full i nærskuleprinsippet sin forstand når elevtalet har nådd ei viss grense – skjønsmessig, pedagogisk og bygningsmessig.

§ 4 Kriterie for fastsetjing av opptaksområde

Fastsetjing av opptaksområde har utgangspunkt i kva som skal reknast som nærskulen. Dette vert avgjort av ei rekkje forhold omtalt i opplæringslova sine forarbeid, jf. NOU:18: 1995 og Ot.prp. nr. 46 (1998-1999). I tillegg til geografisk avstand er andre objektive omsyn som topografi, særleg farleg eller vanskeleg skuleveg og historisk tilhørsrel tatt omsyn til.

§ 5 Opptaksområde barnesteget

Som hovudregel vert opptaket av elevar gjort etter følgjande områdeinndeling for barnesteget:

Alversund, Austebygd, Eikanger, Grasdal, Hordabø, Kløvheim, Knarvik, Leiknes, Manger, Myking, Ostereidet, Rossland, Sagstad, Seim, Sæbø og Vestbygd er egne krinsar.

Lindås barneskule – Lindås krins inkludert tidlegare Åsheim krins.

§ 6 Opptaksområde ungdomsskulesteget

Som hovudregel vert opptaket av elevar gjort etter følgjande områdeinndeling for ungdomsskulesteget:

1. Knarvik ungdomsskule har som opptaksområde Alversund, Knarvik, Leiknes og Seim skulekrinsar.
2. Lindås ungdomsskule har som opptaksområde Lindås og Myking skulekrinsar.
3. Meland ungdomsskule har som opptaksområde Grasdal og Sagstad skulekrinsar.
4. Ostereidet ungdomsskule har som opptaksområde Eikanger, Kløvheim og Ostereidet skulekrinsar.
5. Radøy ungdomsskule har som opptaksområde Austebygd, Hordabø, Manger og Sæbø skulekrinsar.
6. Rossland ungdomsskule har som opptaksområde Rossland og Vestbygd skulekrinsar.

§ 7 Søknad om opptak ved annan skule

Etter søknad kan elevar verta tatt opp ved annan skule enn det som gjeld som hovudregel.

Nærskuleprinsippet etter §8-1 gjev elevane ein rett til å gå på næraste skule. I vurderinga av kva som er næraste skule ligg både geografiske og trafikale tilhøve. Ved søknad om opptak ved annan skule vil det utover nærskuleprinsippet verta lagt vekt på avstand til skule, trygg skuleveg, kvar søsken går, kapasitet ved skulane og eleven sine behov fagleg og sosialt.

Føresette må dekkja skyssutgifter sjølv. Unntak er der byte av skule skal sikra rettigheitar etter lova, t.d. retten til spesialundervisning eller trygt og godt skulemiljø.

Søknad om opptak ved annan skule enn nærskulen følgjer kommunal prosedyre for søknad om opptak ved annan skule enn nærskulen vedteken i Utval for oppvekst, kunnskap og kultur dd.mm. 2020.

§ 8 Vedtak om skulebyte etter Opplæringslova § 9 A-12


Ein elev kan i særlege tilfelle bli flytta til ein annan skule enn den eleven har rett til å gå på, dersom omsynet ti dei andre elevane tilseier det. Grunnen til at ein elev kan flyttas, kan t.d. vere at eleven mobbar ein eller fleire medelevar. Det skal vera prøvd andre tiltak før det blir gjort vedtak om å flytta ein elev. Om naudsynt kan ein elev bli flytta ut av kommunen, men ikkje slik at eleven må flytta ut av heimen eller at skuleskyssen blir uforsvarleg lang.

§ 9 Klagehandsaming

Tildeling av skuleplass er eit enkeltvedtak. Klage på tildeling av skuleplass skal handsamast etter reglane i forvaltningslova. Fylkesmannen er klageinstans dersom ikkje kommunen gjev medhald i klagen. Elevar eller føresette kan klaga om dei meiner eleven ikkje har fått plass på den skulen som ligg nærast, eller ved den skulen som eleven soknar til. Ei slik klage skal handsamast etter reglane om nærskuleprinsippet, jf. opplæringslova § 8-1 første ledd.

§ 10 Iverksetjing

Denne forskrifta gjeld med verknad frå skuleåret 2020/2021.



Arkiv: FA-B0, FE-041, TI-&00
JournalpostID: 32T
Saksbehandlar:
Dato: 17.02.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
012/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	10.03.2020

Prosedyre for opptak på annan skule enn nærskulen i Alver kommune

Vedlegg i saken:

25.02.2020 Framlegg til prosedyre for opptak på anna skule enn nærskulen 1355588

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til prosedyre for opptak på annan skulen enn nærskulen i Alver kommune vert vedteken

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Bakgrunn

Opplæringslova § 8-1. Skolen

Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

Etter søknad kan eleven takast inn på annan skole enn den eleven soknar til.

Saksopplysninger:

Alver kommune si forskrift om opptaksområde vil definera kva grunnskulanen i Alver har som sine skulekrinsgrenser. Forskrifta har som utgangspunkt grunnskuleelevane sin rett til å gå på nærskulen. Nærskulen må liggja i bustadkommunen og vedtak om skuleplass vil ta utgangspunkt i eleven si folkeregistrerte adresse. Rektor har ansvar for å fatte vedtak om skuleplass for elevar innafor eige opptaksområde.

Etter søknad kan elevar verta tatt opp ved annan skule enn nærskulen. Rådmannen foreslår korleis slike søknader skal handsamast i framlegg til prosedyre for opptak på annan skule enn gjeldande opptaksområde i Alver kommune. Ved søknad om opptak ved annan skule vil det verta lagt vekt på avstand til skule, trygg skuleveg, kvar søsken går, kapasitet ved skulane og eleven sine behov fagleg og sosialt.

Når ein elev får skuleplass på annan skule enn innafor opptaksområde må føresette dekkja skyssutgifter sjølv. Unntak er der byte av skule skal sikra rettigheitar etter lova, t.d. retten til spesialundervisning eller trygt og godt skulemiljø.



ALVER

KOMMUNE

PROSEDYRE FOR OPPTAK PÅ ANNAN SKULE ENN NÆRSKULEN

Vedtatt av Utval for oppvekst, kunnskap og kultur dd.mm.2020

Opplæringslova § 8-1. Skolen

Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

Etter søknad kan eleven takast inn på annan skole enn den eleven soknar til.

Prosedyre:

- A. Søknad skal stilast til Alver kommune. Søknad skal sendast post@alver.kommune.no
- B. Sakshandsamar ser gjennom søknad og vedlegg samt vurderer behov for supplerande dokumentasjon. Behov for førehandsvarsel vert vurdert jf. Forvaltningsloven § 16.
- C. Skuleeigar innhentar uttale frå rektor på nærskule og mottakarskule, evt mottakarkommune. Gje frist for uttale.
 - a. I uttale til rektor på nærskule og mottakarskule kan følgjande vurderast:
 - grunngjevingar for søknaden
 - elevtal, gruppestorleik, rom, kapasitet m.m.
 - økonomiske vurderingar og andre relevante tilhøve
 - b. Rektor på nærskulen må sikre at eleven blir høyrtd. Eleven må ha fått naudsynt informasjon om kva avgjerd som skal takast, og konsekvensane av denne. Eleven har rett til å bli høyrtd og til å la vere å uttale seg. Rektor på nærskulen legg dokumentasjon ved i uttalen
 - c. Kommunikasjon i saka til/frå partane vert importert til elevmappa
 - d. Ved dialog med partane på sms og samtalar på telefon eller ved frammøte vert det laga journalnotat
 - e. Intern dialog vert dokumentert ved x-notat og ved import av e-post.
- D. Rådmannen gjer ei individuell vurdering av momenta i søknad og sak, også av omsynet til barnet sitt beste. Rådmannen fattar vedtak i saka. Rådmannen sender kopi av vedtaket til gjeldande skular.

Arkiv: FA-B09, FE-041, TI-&00
JournalpostID: 32T
Saksbehandlar:
Dato: 17.02.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
013/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	10.03.2020

Prosedyre for tildeling av skuleskyss i Alver kommune

Vedlegg i saken:

25.02.2020 Framlegg til prosedyre for tildeling av skuleskyss 1355589

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til prosedyre for tildeling av skuleskyss i Alver kommune vert vedteke

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Bakgrunn

Utdrag frå Opplæringslova kapittel 7 og 13 – Skyss og ansvar

§ 7-1.Skyss og innlosjering i grunnskolen

Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.

7-3.Skyss for funksjonshemma og mellombels skadde eller sjuke

Elevar som på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom har behov for skyss, har rett til det uavhengig av avstanden mellom heimen og opplæringsstaden.

§ 13-4.Ansvaret for skoleskyss m.m.

Kommunen er ansvarleg for skyss av grunnskoleelevar og vaksne som har rett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg. Kommunen skal oppfylle retten til reisefølgje og tilsyn for grunnskoleelevar og vaksne. Elles er fylkeskommunen ansvarleg for skyss, reisefølgje og tilsyn etter reglane i kapittel 7. Kommunane betaler refusjon etter persontakst for grunnskoleelevar og vaksne som blir skyssa av fylkeskommunen.

Saksopplysningar:

Retten til skuleskyss er eit delt ansvar mellom kommunen og fylkeskommunen. Retten til skuleskyss er i hovudsak knytt til nærskulen. Retten til fri skuleskyss gjeld først og fremst elevar som har meir enn fire kilometer (to kilometer for 1. klassingar) mellom heimen og nærskulen. Fylkeskommunale har hovudansvaret for dette tilbodet, og har eige reglement for handteringa av skuleskyss (Skoleskyss, handbok for grunnskolar).

Kommunen har i hovudsak ansvaret for skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg innafør 4 km (2 km km) mellom heim og nærskule. Det er foretatt ei vurdering av vegstrekka innafør 4 km radius frå grunnskulane i dåverande Lindåd og Radøy. Tilsvarande vurdering vil ferdigstillast våren 2020 for Meland-området. Då vil ein ha ei lik vurdering av alle vegstrekka i Alver som grunnlag for å vurdere søknader om skyss på grunn av særleg farleg skuleveg. Grunnlaget gjev ei skildring av vegstrekka i kategorien 1-3, der 1 er karakterisert som

særleg farleg eller vanskeleg skuleveg for ei gruppe elevar. Kommunen har og ansvar for søknad om skyss til annan skule enn nærskulen.

Rådmannen sitt framlegg til prosedyre for tildeling av skuleskyss gjeld både tildeling av skuleskyss etter fylkeskommunale vilkår, og tildeling etter kommunale vilkår.



ALVER

KOMMUNE

PROSEDYRE FOR TILDELING AV SKULESKYSS

Vedtatt av Utval for oppvekst, kunnskap og kultur dd.mm. 2020

PROSEDYRE FOR TILDELING AV ORDINÆR SKULESKYSS OG TILDELING AV SKULESKYSS PÅ GRUNN AV SÆRLEG FARLEG SKULEVEG

Utdrag frå Opplæringslova kapittel 7 og 13 – Skyss og ansvar

§ 7-1.Skyss og innlosjering i grunnskolen

Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.

7-3.Skyss for funksjonshemma og mellombels skadde eller sjuke

Elevar som på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom har behov for skyss, har rett til det uavhengig av avstanden mellom heimen og opplæringsstaden.

§ 13-4.Ansvaret for skuleskyss m.m.

Kommunen er ansvarleg for skyss av grunnskoleelevar og vaksne som har rett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Kommunen skal oppfylle retten til reisefølgje og tilsyn for grunnskoleelevar og vaksne. Elles er fylkeskommunen ansvarleg for skyss, reisefølgje og tilsyn etter reglane i kapittel 7. Kommunane betaler refusjon etter persontakst for grunnskoleelevar og vaksne som blir skyssa av fylkeskommunen.

Prosedyre for tildeling, søknad og klage:

- A. Elevar og foreldre skal bli informert om retten til skuleskyss på fylkeskommunale og kommunale vilkår.
- B. Naudsynt informasjon om eleven sitt eventuelle behov for skyss i forbindelse med innskriving 1.klasse, ved flytting/adresseforandring i skulekretsen og frå nye elevar vert henta inn.
- C. I søknader som krev dokumentasjon vert denne henta inn før søknaden vert handsama.
Dette gjeld dokumentasjon om:
 - o Legeerklæring/sakkunnig uttale
 - o Avlastningsvedtak
 - o Avtale om delt bustad
 - o Varig plassering i barnevernssaker
- D. Søknader som gjev rett til skyss på fylkeskommunale vilkår vert lagt inn i CERT innan 1.mars.
- E. Start- og sluttider for neste skuleår vert lagt inn i CERT innan 1.mars.
- F. Start- og sluttider med endring frå førre skuleår meldast Skyss på e-post i tillegg til registrering i CERT innan 1.mars. Vesentlege endringar må meldast innan 1. november. Endringar må avklarast med kommunekontakten på førehand.
- G. Søknader om skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg:**
 - o Skulen legg søknaden inn i elevmappe og tildeler sakshandsamar.
 - o Søknadar som gjeld skuleveg under 2/4 km som er definert som kategori 1-veg som er særleg farleg eller vanskeleg for eleven, vert handsama av den einskilde skule.
 - o Alle søknader som gjeld skuleveg som ikkje er definert som Kategori 1- veg som særleg farleg eller vanskeleg vert handsama av skuleeigar.
 - o Klage på vedtaket vert å senda Alver kommune v/kommunalsjefen for vidare handsaming.

- Om kommunen opprettheld vedtaket, og ikkje er samd i klagen, vert klagen sendt Fylkesmannen i Vestland som er endeleg klageinstans.
- H. Andre søknader utanom kategori 1, som gjeld skuleskyss, og som ikkje kjem under fylkeskommunale vilkår, vert å senda skuleeigar for vidare handsaming.
 - Skuleeigar fattar enkeltvedtak.
 - klage på vedtaket vert å senda Alver kommune for vidare handsaming.
 - Om kommunen opprettheld vedtaket, og ikkje er samd i klagen, vert klagen sendt Fylkesmannen i Vestland som er endeleg klageinstans.

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 32T
Saksbehandlar:
Dato: 26.02.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
014/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	10.03.2020

**Meldingar og orienteringar til OKK
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Saka vert teke til orientering.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for Oppvekst, kunnskap og kultur

Bakgrunn

Saksopplysningar:

Orieteringar:

- Orientering om medverknadsprosjekt kommuneplanen sin samfunnsdel v/Hogne Haugsdal-kommunalsjef Samfunnsutvikling
- Kommunedelplan for oppvekst v/Rolf M. Raknes-fagansvarleg Plan og analyse og Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst, kunnskap og kultur